



f.v. Gitarlærer Marco, Are, Øystein og Johannes. (Foto: Thor Inge Døssland)

Juleavslutningskonserten for kulturskuleelevane i Uskedalen onsdag kveld var ei kort, men likevel imponerende førestilling. Denne gongen var det berre elevar på gitar og messinginstrument som var aktørar på konserten.



Frå venstre: Hans Fredrik, Clive og Kari (Foto: Thor Inge Døssland)

Med ein gammal fanfare ypparleg framført av Bente Halvorsen og Lars Andres Sæbø, begge på kornett, vart konserten blesen i gong. Vi blir like imponert kvar gong vi høyrer desse to yngste musikantane i skulemusikken. Begge er svært trygge på instrumentet sitt, og dei utstrålar glede både gjennom musikken sin og måten dei opptre på.

Etter desse var det duka for dei aller ferskaste utøvarane på konserten. Dei tre gitaristane Øystein Haugland, Are L. Telstø og Johannes Taranger kom alle flott frå framføringa av nummera sine då dei debuterte i konsertsamanheng. Imponerende når læraren deira kunne fortelja at dei hadde sin første gitartime i september. Hallvard L. Døssland, Arne Tvedt og Nikolai Bernhardsen har lengre fartstid med gitaren. Dette viste dei i ei flott og julestemningframkallande framføring av Nu tennes tusen julelys. Her var det innleving og fint samspel. Flott levert!

I messingtrioen som fulgte viste Kari Bråtun (althorn) og Hans Fredrik G. Zimmer (baryton) at dei er i god utvikling på instrumenta sine. I det svært krevjande stykket dei spela, fekk begge vist flotte takter. For å dekke alle tre stemmene hadde dei tonefølgja av læraren sin, Clive Andersson, på trombone.

- Eg er så imponert over desse unge elevane her i Uskedalen, sa Clive før siste programinnslag. – Dei lærer veldig fort, stykke som er svært vanskelege. Eg trur det har samanheng med at det er eit veldrive musikkliv i bygda, sa han vidare før det krevjande avslutningsnummeret Ding Dong! Merrily on High vart ypparleg framført av ein messingkvartett. Den var samansett av Invill T. Sture, Kaja Døssland og Vegard Døssland, alle på kornett saman med tubaisten Thomas Halvorsen.

Vi kan gjerne ta til oss orda frå Clive, men trur det kan vera rett å snu litt på det. Dugande lærarkrefter får utruleg mykje til med denne aldersgruppa når det gjeld musikk. Begge lærarane som hadde elevar på denne konserten, Clive og den nye gitarlæraren Marco, er slike kvalitetslærarar. Det viser att på utviklinga til elevane, og det set vi stor pris på.

Som sagt, kvaliteten på konserten var flott, men vi kunne tenkt oss noko større utval. Vi sakna strykarane, musikkleikgruppa og pianisten Vi veit det er ei rockegruppe samansett av berre uskedalingar som det kunne vore kjekt å høyra. Vi meiner det er viktig marknadsføring av dei ulike kulturskuletilboda at elevane opptre i heimbygda si. Derfor håpar vi dei alle er med på den neste kulturskulekonserten.

Av Thor Inge Døssland



Frå venstre: Ingvill, Kaja, Vegard og Thomas. (Foto: Thor Inge Døsland)